

Du har framleis sjansen til å hoppa i havet!

01.06.2009



Hopp i havet - suksess også i år? (Foto: Knut A. Myklebust)

Aktivitetsdagen i båthamna er laurdag 13. juni og høgdepunktet denne dagen utan tvil Hopp i Havet, vår lokale variant av Ta Sjansen.

I fjar vart denne varianten ein formidabel suksess fordi kreativiteten var stor og dei heimesnikra farkostane svært varierte.

I dag (måndag) går fristen eigentleg ut for påmelding , men Aktivitetshusets Damevenner held ikkje så stiftt på denne fristen, opplyser Anita Ænes til uskedalen.no.

- Vi tek gjerne i mot fleire, seier ho.

Inntil måndag morgen hadde det meldt seg åtte medan total-talet i fjar var ti. Dei som framleis tel på knappane bør med andre ord setta i gang og snikra seg ein farkost no på tampen av helga. Erfaringane frå i fjar går ut på at det slett ikkje er dei store og kompliserte farkostane som helst går til topps. Og tevlinga går ikkje berre ut på å gjera unna ferda så raskt som mogeleg..

Damevennene lokkar med premie til den som når bjella på kortast tid, men det er også premiar til den farkosten som er mest kreativ og til den deltakaren som er størst optimist..

Rampa for Hopp i Havet skal plasserast på same plassen som i fjar – inne i båthamna, opplyser Anita.

Programmet for dagen er ellers svært variert, med sjørøvervitjing, grilling, musikk, lotteri, brannbilkøyring, hoppeslott, ansiktsmaling og andeløp, for å nemna noko.

Andeløpet får større omfang enn i fjar og vil nok befesta sin posisjon som eit svært populært innslag.

Av Ola Matti Mathisen



Så mange var på plass då Hopp i Havet gjekk av stabelen i fjor! (Foto: Ola Matti Mathisen)